



STRIDENS EPLE: Her går vanlegvis Vassfarløypa mellom Gol og Flå. Men akkurat no er det ingen spor her.

# Løypebråk i Nes

■ Usemje om fordeling av tilskot ■ Austsida mot vestsida

Nes kommune har avsett 100.000 kroner i løypetilskot. Men det er vorte bråk likevel.

ARNE OLE LINDAHL  
aol@hallingdolen.no

Hytteegarane i Nes austmark meiner at Nes kommune og Nesbyen Turist- og nærings-service (NTN) skeivfordeler tilskota til gjennomgangsløypene.

– Dette er heilt uakseptabelt, seier **Osmund Ueland**. Den tidlegare konserndirektøren i NSB har engasjert seg

sterkt på vegner av Buvassstolan sti- og løyplag.

## Fordelinga

Saka er denne:

Nes kommune har løyvd inntil 100.000 til brøyting av gjennomgangsløypene i fjellet; nærmare bestemt Hallingdalsløypa som går gjennom fjellet på vestsida og Vassfarløypa mellom Gol og Flå på austsida. Mens 85 prosent skal brukast på Hallingdalsløypa, får Vassfarløypa 15 prosent. Kommunens bidrag skal «matche» pengane som NTN klarer å samle inn. Halvparten på kvar. Til no er det samla inn 35.000 kroner i NTN-regi. Der-



REAGERER: Den tidlegare konserndirektøren i NSB har engasjert seg sterkt i løypestriden.  
(FOTO: PRIVAT)

med ligg det 70.000 i potten til fordeling.

– Dette er lite å lage bølger for, seier ordførar Tor Magnussen.

## Reagerer

Men **Osmund Ueland** reagerer på fordelinga av pengane.

– Fordelinga bør vere 50-50, meiner han.

– Faktum er at gjennomgangsløypa på austsida har eit lengre parti gjennom Nes som ikkje inngår i lokale løyper, 20 km, enn Hallingdalsløypa. Vassfarløypa skulle etter dette hatt den største delen av kaka, seier han

Løypetilskotet skal gå til å tette «hola» i løypene slik at dei blir brøytt samanhengande.

## – Tragisk og trist

Ueland er også kritisk til at NTN ikkje har klart å samle inn meir enn 35.000 kroner.

Ifølgje styreleiar Gerd Eli Berge skuldast det at NTN ikkje har kapasitet til å drive

innsamling. Til det seier Ueland:

– Dette er berre tragisk og trist. Det kunne ha vore 200.000 til fordeling, no blir det 130.000 mindre til løyper i Nes. Kaka blir mykje mindre enn den kunne ha vore.

## – Omdømmebygging

– Kor viktig er Vassfarløypa for hyttefolket på austsida?

– Den er viktig med tanke på å oppgradere dette til eit meir attraktivt område. Sommarstid blir det arbeidsmed å merke ein sti mellom Gol og Vassfaret. Dette handlar også om omdømmebygging.

Nes kommune kutta løypetilskotet for få år sidan for å spare pengar. No er det inne att på budsjettet. Ueland er glad for det, men reagerer på fordelinga. Gerd Eli Berge seier at NTN berre administrerer ordninga, og at det er kommunen som bestemmer korleis tilskotet skal fordelast. Ordførar Tor Magnussen seier at det er han og NTN som er komne fram til fordelinga.

## – Ein liten rebus

– Men eg synest dette er lite å krangle om. Eg har rimeleg godt samvit for det som er gjort, men me skal sjå på dette for neste år. Fordelinga er ikkje nokon nedvurdering av austsida. Det viktige er at me blir same om føresetnadene og at kommunen gir økonomisk støtte. Men korleis me skal få dette heilt rettferdig, trur eg blir ein liten rebus, seier Tor Magnussen.

og  
torar

bergdirektorat kunngjør:

## n tillatelse til å bygge to erk i Flå kommune, Buskerud

atelse etter vannressursloven til å bygge to småkraftverk i  
av Gyltebekken til Grøslandselva, inkludert etablering av et  
ering av Tingsjø. Søknadene blir behandlet etter reglene i kap. 3  
der tillatelse etter §8 i samme lov.

Søker	Installert effekt MW	Produksjon GWh/år
Småkraft AS	5,3	0,85
Småkraft AS	5,25	16,7

er lagt ut til offentlig ettersyn på kommunehuset i Flå og på NVEs  
nsejonssaker fram til høringsfristen går ut. Dersom du ønsker å  
søknaden, ta kontakt med tiltakshaver eller NVE v/Dag Kjellelvod  
post dkj@nve.no. Høringsuttalelser kan sendes oss elektronisk via  
aker, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjons-  
1 Majorstua, 0301 Oslo innen 14.05.2014.